

NOTAT

Dokument nr. : 1230757
 Dato : 2014-05-22
 Selskap : SFE Nett AS
 Mottakar : Idar Sagen
 Kopi til :
 Utarbeidd av : Torgrim Øvrebo
 Vedlegg :

Notat om utjamning av nettkostnader

Bakgrunn

I Noreg er det om lag 140 nettselskap som har distribusjonsnett. Nettselskapa i Sogn og Fjordane ligg typisk kring 20. plass og 40. plass på lista av dei selskapa med høgast nett-tariff. Til dømes er SFE Nett AS :

- Ca. 40% billigare enn det dyraste nettselskapet
- Ca. dobbelt så dyrt som det nettselskapet med lågast nett-tariff.

Ei normal hushaldning i SFE sitt nett ville spare ca 4.800 kr/år om SFE var av dei billigaste, og fått auka nettleiga med ca 3.850 kr/år om SFE var av dei dyraste nettselskapa.




Fig. 2: Distribusjonsnettkostnad og kostnadsfordeling SFE Nett AS

Dei viktigaste grunnane til at nettleiga i Sogn og Fjordane er høgare enn i mange andre område er:

- Fylket har grisgrendt busetnad, noko som betyr at det må byggast mykje nett pr. nettkunde
- Fylket har mykje fornybar energi og mykje nett må byggast for å få ut krafta frå området

- Fylket har utfordrande klima og topografi, noko som gjer både nettinvestering og drift/vedlikehald av nettet kostbart samanlikna med mange andre område.

Noreg har store nasjonale mål for produksjon av fornybar energi i åra framover. Stortinget har uttrykt ein ambisjon om at Noreg skal produsere halvparten av dei 26,4 TWh som skal realiserast gjennom sertifikatavtalen med Sverige, og samtidig binde seg til nå ein samla fornybarandel på 67,5% i energimiksen gjennom EU sitt fornybardirektiv. Dette skaper behov for store investeringar i kraftnettet dei kommande åra.

Problemstilling

Nytt nett må finansierast av brukarane, og med dagens finansieringssystem vil kostnaden med å bygge nett for ny produksjon i stor grad måtte takast av privatpersonar og næringsliv i område med store fornybarressursar. Dette til tross for at utbygginga i størst grad er motivert av nasjonale mål om klimapolitikk, verdiskaping og forsyningstryggleik. Ei slik urimeleg fordeling av kostnadane vil kunne skape store ekstrautgifter for næringsliv og innbyggjarar i delar av landet, og i sin tur skape motstand mot fornybarsatsinga. I verste fall vil gode fornybarprosjekt forbli urealisert og nasjonale mål vanskelege å nå. Det vil bli vanskeleg å oppnå både ei nødvendig fornybarsatsing og ei rettvis fordeling av kostnadane innanfor dagens system.

Kostnadane i regionalt nett vil på landsbasis auke med 20-25% fram mot 2020. Fordelinga av denne kostnadsauken er svært ulik for ulike delar av landet. Område med store fornybarressursar, men få å dele rekninga på, vil kome dårleg ut. I slike område kan kostnadsauken vere på mellom 50 og 100%. Dette vil i sin tur naturleg nok skape motstand og i verste fall hindre samfunnsøkonomisk gode investeringar. Dette rammar regionale-, men ikkje minst også dei offensive nasjonale måla som er sett innan fornybar energiproduksjon.

Frå enkelte hald er det peika på at det høge talet på nettselskap er grunn for prisforskjellane. I Sogn og Fjordane vil ei samanslåing av selskap som ligg nær kvarandre geografisk gje eit nytt selskap med dei same utfordringane når det gjeld kostnader og fornybarutbygging. Samanslåing av selskap med same utfordringar vil ikkje løyse problemet for fornybarområda.

Systemfeil

Dagens system er ikkje eigna for å møte framtida sine utfordringar. Det er ein klar systemfeil om nettutgiftene for produksjon av fornybar energi skal leggst på lokalbefolkning og næringsliv i fornybarområda.

Sogn og Fjordane er eit fylke med eit massivt kraftoverskot. Når kraftoverskotet her er med å føre til at nett-tariffane i fylket er dobbelt så høge som i befolkningstette område, vil det auke insentivet for at produksjonsverksemdar som krev mykje energi, vert etablert i kraftunderskotsområde, og ikkje nær energiproduksjonen.

Målet må vere å få realisert dei beste prosjekta for utnytting av fornybare ressursar til beste for nasjonalt miljø/klima og verdiskaping. Skal ein lukkast, treng ein ei rettferdig fordeling av nettkostnadane. Ei nasjonal satsing på fornybar energi må finansierast på nasjonalt nivå, ikkje lokalt. Det er nødvendig med ei nasjonal utjamning av auken i nettkostnadane på grunn av den nasjonale fornybarsatsinga.

Aktuelle tiltak:

Det er fleire moglege løysingar som åleine eller i kombinasjon kan løyse problematikken kring nettleigeauke på grunn av fornybarløftet:

- Kraftproduksjon betalar meir i innmatingstariff, og tariffinntektene vert att i det nettnivå kraftproduksjonen matar inn i.
- Nasjonal støtteordning eller utjammingsfond i regi av bransjen eller NVE
- Etablere ei sentral eining som ut frå nasjonalt kostnadsnivå kalkulerer ein tariff som vert implementert i selskapa sitt tariffsystem